

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2021

Noralv Distad (H) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Fjord Norge AS. Distad gikk frå under vurderinga om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Distad var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e nr. 2. Distad gjekk frå under behandlinga av saka.

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Fylkesutvalet ber fylkesrådmann peike ut frå administrasjonen eit styremedlem i Fjord Norge AS for Vestland Fylkeskommune for perioden 2021-2023. Av omsyn til kjønnsbalansen i styret bør kandidaten vere ei kvinne.»

Avrøysting

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Vedtak

Fylkesutvalet ber fylkesrådmann peike ut frå administrasjonen eit styremedlem i Fjord Norge AS for Vestland Fylkeskommune for perioden 2021-2023. Av omsyn til kjønnsbalansen i styret bør kandidaten vere ei kvinne.